

Sjaa menneskja

Tone: Vil vil os eit land

1) Sjå menneskje det hev vimsa seg burt
Paa faarlege vegar i verdi
Aa det dei hev bygt aa vel fraa seg gjort
det river dei nedat på færði
Aa ser ein paa det so vert det so
Som born handlar vakse folk no

2) Ein ser folk vyrdar so lite um fred
ein aka den bakvendte vegen
Ein byggjer idag, i morgon riv ned
Korleis kan no folk vera fegen
Naar so ein skipar, det vyrdlaust gjeng
At minst ein vyrdar det mest ein treng

3) Sjaa folkje det liknast det opne hav
Heilt roleg det kan ikkje vera
Det uggar seg upp i alda og kav
i stride straum aa atkebæra
Sjaa paa kor det susar slaar mot strand
Gud åleina som stilna det kan

4) Sjaa folkje det liknar dei varme fjell
Der sprutar ut gloande lava
Kan ikkje halda seg rolege hell
Dei etter si natur og kava
Til ymse tider det ryk aa brenn
Aa sløkkja maa Gud i himmelen

5) Sjaa folkje dei liknar dei arme som
av rusdrykkje fara so illa
Dei av og til gjeva raaskan rum
aa likar seg glup i slik villa
Rasande uvitand kavr dei er
Aa du kor illa menneskja fær

6) Vor Gud i himlen er den han er
Aa den han ogso skal vera
I visdom aa rettferd sverdet han bær
han bær det i miskunn aa æra
Misleg aa faafengt det aller gjeng
Menneskjeborni dei riset treng

7) Menneskjeborni dei skiftar ham
Aa vimrar i tusinde hugar
Som kveldklåren utru, kjenner 'kje skam
Ein yver si faakunna ruger
Alar for mykje udom aa skjend
I byar, bygder i gard aa grend

8) Men menneskja aag skulle vera tru
som ein skal vera i grunnen
So hjarteglad møtast eg aa du
I elsk aag med smilen paa munnen
Røysa aa byggja heimen i fred
men aller i vitløysa riva det ned